

## Den gode fosterheimen

Hovudmålet med prosjektet er å sikre kvalitet og oppfølging av fosterheimane, og å redusere talet på utilsikta flyttingar med dei påkjenningane dette fører til for barna det gjeld. Prosjektet har også mål om å styrke samarbeidet, utvikle og styrke fagmiljøet på tvers av kommunegrensene.



### Bakgrunn

Barnevernstenestene i Gulen og Masfjorden, HAFS, Sunnfjord og Bremanger har gått saman om å betre oppfølginga fosterfamiliane får, gjennom å utvikle nye tilbod til fosterfamiliar og fosterforeldre, nye arbeidsrutinar på fosterheimsområde og heve kompetansen til dei som arbeider med oppfølging av fosterforeldre og fosterbarn.

### Målgruppe

Fosterbarn, foreldre, fosterforeldre og tilsette i barnevernstenestene i samarbeidskommunane.

### Hovudmål

Vårt hovudmål er å arbeide for at fosterforeldre og fosterbarn skal få den oppfølginga dei til ein kvar tid har behov for. Prosjektet har også som ei viktig målsetting å redusere utilsikta flyttingar for fosterbarn.

### Kva skal vi utvikle?

- Samlingsbasert gruppetilbod til fosterforeldre
- Helgesamling for heile fosterfamilien – fagleg påfyll og erfaringsdeling både for barn og vaksne.
- Implementere eit nytt opplæringstilbod til nye fosterforeldre (Ein god start)
- Nye arbeidsrutinar på oppfølging, samvær, barnesamtale og flytting til fosterheim og institusjon
- Meir samordna og lik praksis og prosedyrar for avgjersler av økonomiske forhold for fosterforeldre, foreldre og fosterbarn
- Ny rutine og betre tilbod for oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking
- Heve kompetansen til tilsette som arbeider med oppfølging av fosterforeldre og fosterbarn

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Monica Loen-Grov, prosjektleiar på e-post [monica.loen-grov@sunnfjord.kommune.no](mailto:monica.loen-grov@sunnfjord.kommune.no)

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom barnevernstenestene i Sunnfjord, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Solund, Hyllestad, Masfjorden og Gulen, og er ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland.

[Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)